

SAK 12/22 SØKNAD OM STØTTE TIL STARTUP EXTREME

Saksopplysning:

STARTUP NORWAY

StartUp Norway er Norges leiande start-upselskap og har sidan starten i 2010 gjennomført aktivitetar som utviklar og betrar vekstvilkår for nyetablerarar og nystarta bedrifter (startups) Dei jobbar for at dei gode ideane skal vera økonomisk berekraftige, investerbare og ha ein sosial- og eller miljømessig effekt. Selskapet jobbar i dei fleste norske regionar med program og arrangement som inspirerar og utdannar neste generasjon gründerar, investorar og næringsliv.

STARTUP EXTREME:

- Vart arrangert på Voss i perioden 2015-2019. På grunn av plassmangel er det ønskelig å flytte arrangementet frå Voss til Hemsedal og Hallingdal.
- Er allereie eit anerkjende startup-arrangement, men med ny lokasjon kan dei store vekstambisjonane realiserast og Hemsedal og Hallingdal kan bli ein av Europa sine viktigaste møteplassar for vekstselskap, investorar, innovasjon og næringsutvikling.
- Er ein internasjonal arena der ein inviterer verden til å møte norske selskap, bygge relasjonar dele kompetanse, og gjennom dette skapa ringvirkning for heile landet.
- Har mål om 5-700 deltakarar i 2022 og 10 000 relevante deltakarar årleg om 5 år.

Resultatmål for Hallingdal 2022

- Inspirere til at det vert starta 10 nye vekstselskap i Hallingdal i 2022
- Sikre at hele Hallingdal er med - høg grad av lokalt eigarskap til satsinga
- Involvering av frivillige frå hele regionen
- Sikre at hele Hallingdal støttar opp og får god effekt av arrangementet

StartUp Norway har presentert sine planar for Næringsforum Hallingdal, Hallingdal Næringshage og Hallingdal etablerersenter. Desse aktørane er positive til både arrangement og satsing og har oppsummert dette i eit eige vedlegg.

Planane er også presentert for Regionrådet i januarmøte og denne saka skal Regionrådet ta stilling til søknaden om kr. 250 000 som ein eingongsstøtte for å få Startup Extreme i gong i Hemsedal.

Finansiering

Kostnadene ved etablering og flytting av Startup Extreme er rekna til kr 650 000. Startup Norway søker Regionrådet om støtte på kr. 250 000 til å etablere seg i Hemsedal. Søknadssummen skal dekke kostnader til flytting, involvering, og engasjement i ny region. I tillegg søker dei kr. 200 000 frå Hemsedal og kr. 200 000 som eigeninnsats.

Vurdering:

I løpet av dei neste 10-15 åra vil tusenvis av dagens arbeidsplassar forsvinne. Desse må erstattast av nye grønne arbeidsplassar og då gjerne i distrikta. I den framtidige «kampen om arbeidskrafta» vil gode vekstvilkår for næringslivet, fleire arbeidsplassar, variert næringsliv og auke i folketal vera sentralt. Hallingdal må me då ta miljøvennlege, innovative og framtidsretta val. Startups kan vera nyttige for å skape nye framtidsretta arbeidsplassar der ressursproduktivitet, fornybar energi og smarte grønne løysningar står sentralt.

Startup Extreme har potensiale til å bli eit av mange tiltak som bidreg til næringsutvikling i dalen og som stimulerer til eit aktivt og engasjerande gründer- og innovasjonsmiljø. I tillegg kan det bidra til å styrke bulyst og betre Hallingdal si rolle som ein attraktiv region for både tilflyttarar og «attendeflyttarar» med gode og framtidretta forretningskonsept. Startup Extreme kan også stimulere til meir gründerverksemd lokalt som igjen kan bidra til vekst og nyskaping i Hallingdal.

Hallingdal kan, gjennom eit samarbeid med Startup Extreme, kople seg på ei satsing som har mål å vere ein stor nordisk arena for vekstselskap, investorar, næringsliv og politikarar. Ein inviterer verda til Hallingdal og får gjennom det, tilgang til nettverk mot den internasjonale marknaden. I tillegg til dette vil en få tilgang på kompetansehevande program og et breitt nettverk av Noregs viktigaste aktørar innanfor startup`s.

Hallingdal har over tid hatt utfordringar med å tiltrekke seg investorar med frisk kapital til å investere i nye bedrifter og i eksisterande næringsliv. En langsiktig satsing på å forbetre Start Up systemet i Hallingdal i samarbeid med Start Up Extreme kan vere med på å redusere denne utfordringa.

Det er mykje positivt med ei etablering av Startup Extreme i vår region. Likevel er det vanskeleg å spå kva effekt det vil få. Vil eksisterande bedrifter og gründerbedrifter i Hallingdal gjennom Startup Extreme klara å skap nytt og nyttig nettverk, få inspirasjon, koma i kontakt med investorar og andre samarbeidspartarar? Vil ein gjennom satsinga oppnå målet om at det vert starta 10 nye vekstselskap i Hallingdal i 2022? Vil ein i Hallingdal få betre tilgang på rådgjeving og investorar eller vil det berre bli ei fin helg i Hemsedal?

Dagleg leiar meiner at Startup Extreme kan vera eit godt supplement til den ekstraordinære næringslivssatsinga me har fått på plass i Hallingdal, i tillegg til at sjølve arrangementet vil trekke folk hit. Det er naudsynt at næringshage, etablerersenter, Regionråd og kommunar jobbar tett opp mot Startup Extreme for å oppnå dei lokale målsettingane og sikre at idear får vekse seg store. Me har allereie sett på korleis ein kan samarbeide med lokale aktørar korleis ein kan samkøyre Startup Extreme med lokale prosjekt som Sats på Hallingdal, «Start Upp Hallingdal» og «Innovasjonsløft». Her kan me lære av Voss som hadde gode resultat når det gjed kopling mellom gründer og investor og ikkje fult så gode resultat for Næringshage og effekt for etablerte bedrifter.

Forslag til vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal støttar Startup Norway sin søknad om støtte på kr. 250 000 til Regional næringsutvikling i Hallingdal og førstegongsetablering av Startup Extreme i Hemsedal.
2. Midlane skal takast av næringsfondet.

Hallingdal, 21. feb 2022

Jan Olav Helling
Dagleg leiar

Vedlegg:

1. Søknad frå StartUp Norway
2. Presentasjon StartUp Extreme
3. Uttale Hallingdal Etablerersenter og Hallingdal Næringshage